



DEN NORSKE KYRKJA

Haram kyrkjelege fellesråd

Årsmelding 2011

Jostein Garcia de Presno

Peter Odd Bjørkhaug

Kyrkjeverje i Haram

Leiar for Haram kyrkjelege fellesråd

Årsmeldinga for Haram kyrkjelege fellestråd er utarbeidd på grunnlag av rapportar frå staben, statistikk frå sokneråda og den førebelse rekneskapen. Ein har lagt vekt på nye aktivitetar og trekk og å vise utviklinga i høve til 2010. Tal frå 2010 står derfor i parentes til samanlikning, der dette er aktuelt.

Kyrkjeleg verksemd

Kyrkjelege handlingar

I 2011 hadde vi følgjande tal for heile fellestrådsområdet: 87 (89) døypte, 106 (107) konfirmantar, 23 (22) vigslar, 95 (97) gravferder og 200 (196) gudstenester. Det vart samla inn kr.404 922,- (406 807,-) i bankane totalt, og av dette gjekk kr. 132 057,- (119 353) til eige arbeid. I tillegg kom det inn kr. 69 100,- (86 950,-) i fast gjevarteneste. Andre innsamlingar (fasteaksjonen, basar, mm.) samla inn kr. 135 528,- (224 196,-), og av desse gjekk kr. 54 574,- til eiga arbeid.

Det visast elles til den årlege innrapporteringa frå sokna til Statistisk Sentralbyrå for meir informasjon om kyrkjelege handlingar i kommunen.

Trusopplæring

I løpet av 2011 blei planane for alt trusopplæringsarbeidet i Haram kyrkjelege fellestråd levert til bispedømekontoret for endeleg godkjenning. Det blei jobba ganske mykje med desse planane i løpet av året, og den munnlege godkjenninga kom før jul. Vi har ikkje ein heilt fullstending plan for arbeidet 0-18 år endå, men vi prøver stadig å dekke dei hola vi har med nye tiltak som både er kjekke og overkomelege.

Det er mange både gamle og nye tiltak i gong i alle sokna. For tredje gong har vi no gjennomført Lys Vaken i Vatne, Hamnsund og Brattvåg sokn. Dette er eit opplegg i kyrkja for barn på 5. trinn. Her har vi jamt over meir enn 50% oppslutning, og ungane får mellom anna overnatte og vere aktivt deltakande på gudstenesta. Dette har vore ein kjempesuksess! Av andre tiltak kan nemnast samlingar for 1-, 2-, og 3-åringar med foreldre, utdeling av 4-årsbok og 6-årsbok, Sprell Levande-gudstenester, konfirmasjonsarbeid, ungdoms-Alpha, ungdomsgudstenestene Omega, osv. Her er det mykje spennande som skjer, og ikkje minst mykje nyutvikling.

Diakoni

Det diakonale arbeidet i Haram vert utført i regi av både fellestrådet og sokneråda. Kvart sokneråd har eit diakoniuvalg som utarbeidar planar for arbeidet i samråd med diakoniarbeidaren. Institusjonsbesøka er ei fast teneste både på fastlandet og på øyane, med tilbod om individuelle samtalar, bøn og velsigning. Elles er det besøksteneste og tilbod om sjelesorg til menneske som har behov for det, og det er helgemessemarkering i kyrkjene i november kvart år. Elles arbeidast det med planarbeid for tilrettelegging for funksjonshemma i kyrkjene.

Eit flott tilbod dette året har vore Internasjonal kafé, som vart arrangert ca ein gong i månaden i samarbeid med Frivillegsentralen. Målet har vore å gi eit lavterskel tilbod, spesielt retta mot utanlandske innflyttarar, der dei får vere med å presentere ein smakebit av sin kultur i møte med nordmenn. Her har vore både mat, presentasjon av tema og andre kulturelle innslag.

Kyrkjemusikk

Speling til kyrkjelege handlingar utgjer størstedelen av det kyrkjemusikalske arbeidet. Elles vart det arrangert påskekonsert i Brattvåg kyrkje før påske. Her var det innslag av ymse art, som solosang, 4-hendt pianospel og sjølvstøtt orgel. I samband med 100-års jubiléet til Brattvåg vart det arrangert ein jubileumskonsert i Brattvåg kyrkje i november. Elles drivast koret VTV på Vatne med hjelp frå organisten.

Kyrkjebygg

Vedlikehaldet av kyrkjebygga i Haram gjerast dels på dugnad av sokneråda, dels av fellestrådstilsette og dels av innleigd arbeidskraft. I 2011 vart det utarbeidd ein 4-årig vedlikehaldsplan for alle kyrkjebygga i Haram der alle større vedlikehaldsbehov vart tatt med og prioritert. Vedlikehaldsplanen er grunnlaget for alt vedlikehald som gjerast og for alle søknader om løyvingar til vedlikehald av kyrkjebygg.

Det var to store vedlikehaldstiltak i 2011. Det eine var ei totalreovering av vindaugene på sørsida av kyrkja på Vatne. Det var svært slitt og vart difor skrapte, sett inn med linolje og ny kitt og måla. Det andre tiltaket

gjaldt oppgradering av det elektriske anlegget i alle kyrkjene. Alle avdekte feil og manglar vart retta opp. Oppgraderinga viste behovet for ei totalutskifting av det elektriske anlegget i Hamnsund kyrkje. Begge desse tiltaka fekk fellesrådet særskilt løyving til frå kommunen. Elles vart det automatiske ringeverket i Brattvåg kyrkje skifta ut og det vart søkt bispedømerådet om løyve til å installere automatisk ringeverk i Hildre kyrkje. I samband med romjulsrokanen vart det skadar på taket både på Brattvåg kyrkje og Fjørtoft kyrkje. Skadene er no retta opp og vart for det meste dekt av forsikringa. Av større tiltak som det hastar å få gjort noko med er renovering av Hamnsund kyrkje og installasjon av automatisk brannvarsling i 5 kyrkjer.

Gravstad

Det vart arbeidd med førebuing til opprustinga av Hamnsund gravstad heile året. Opprustinga går ut på å fjerne alle gravminna frå 4 sigande felt i gravstaden, fyller opp felte og planere, og deretter setje gravminna tilbake på plass. Mot slutten av året fekk ein prosjektet godkjent av bispedømerådet, det vart lyst ut anbud, og kontrakt vart teikna med entreprenør. I desember fekk ein restfinansieringa av kommunen og arbeidet kunne ta til i januar 2012. Fellesrådet starta òg arbeidet med å førebu utviding av gravstaden på Longa og fekk finansiering frå kommunen til dette mot slutten av året.

Bygging av den planlagde driftsbygningen ved brannstasjonen tok til i slutten av august. På grunn av feillevering av materialar rakk ein ikkje å få den under tak før vinteren. Bygget vert slutført første halvår 2012. Bygginga vert utført dels ved tilsette i fellesrådet, dels av entreprenør/andre.

I juni sette ein i gong ein systematisk oppdatering av gravregisteret for heile kommunen, gravplass for gravplass. Hildre og delar av Brattvåg vart tatt før jul. Arbeidet medfører òg auka inntekter for fellesrådet i form av festeavgifter.

Økonomi

Driftsrekneskapen viser driftsinntekter på kr. 7 583 232,- (6 528 685,-) og eit mindreforbruk (overskot) på kr. 935 809,- (257 380,-). Auka i inntektene samanlikna med 2010 skuldast i hovudsak to ting: både at momskompensasjonen på investeringar (ca. 350 000,-) på grunn av nye reglar vart inntektsført på drift før den vert overført til investering, òg ei auke i festeinntekter i høve til budsjett (ca. 450 000,-). Ein fekk òg eit ubudsjettert tilskot frå staten i samband med kyrkjevalet på kr. 82 000,-.

Det store mindreforbruket skuldast både reduksjon i utgifter og auka i inntekter i omtrent like store delar: Reduksjonen i utgifter kom i hovudsak på grunn av eit heilt års permisjon for organist/trusopplærar Michael Wagner. Berre om lag 30% av hans stilling vart dekt opp med vikarar. Vidare var diakonistillinga ubemanna i store delar av året på grunn av vakanse og sjukmelding. Auka i inntekter skuldast den allereie nemnde oppdateringa av gravregisteret med auka festeinntekter.

Av andre vesentlege budsjettavvik på over 10% kan nemnast at slått og stell av kyrkjegardar kosta ca. kr. 350 000,- Dette var kr. 250 000,- over budsjett. Ein brukte òg godt over budsjett på naudsynt utstyr til gravferdsdrifta. Derimot var det underforbrukt på vedlikehald av kyrkjer. Dette var i hovudsak fordi ein ikkje rakk å få løyve til den planlagde installasjonen av automatisk ringeverk i Hildre kyrkje før nyttår, sidan Riksantikvaren uttalte seg negativt til tiltaket. Ein har etter nyttår fått løyve til tiltaket.

Driftsinntektene til fellesrådet i 2011 vart slik fordelt: tilskot frå kommune (inkludert kommunal tenesteyting) 70% (79); tilskot frå staten 11% (11); refusjonar 11% (8); og sal 8% (2). Driftsutgiftene var slik fordelt: løn og sosiale utgifter 66% (64); varer og tenester 21% (20); utstyr og vedlikehald 6% (8); tenesteytingsavtale 3% (4); og momsutlegg 4% (4).

Investeringsrekneskapen viser at kr. 621 483,- (65 835,-) vart brukt på kyrkjebygg. Dette gjaldt som allereie nemnt opprusting av det elektriske anlegget i kyrkjene og renovering av vindaugene på Vatne kyrkje. Kr. 1 262 279,- (0,-) vart brukt på gravstad. Dette gjekk i hovudsak til oppføringa av driftsbygningen og førebuing til opprustinga av gravstaden i Hamsund.

Fellesrådets samansetjing og arbeid

Haram kyrkjelege fellesråd var i 2011 delt på to periodar. I første periode, frå 1. januar til 30. november handsama rådet 16 (24) saker. Det var arrangert kyrkjeval den 12. september, med val av nye sokneråd og

fellesråd. Det nye fellesrådet tok til å virke frå 1. desember og handsama 5 saker. Fellesrådet var ved årsslutt samansett av (det førre fellesrådet i parentes):

Peter Odd Bjørkhaug (leiar)	(Peter Odd Bjørkhaug, leiar)	Brattvåg sokneråd
Jørgen Kjerstad	(Torleiv Rogne, nestleiar)	Haram sokneråd
Ida Krogsæter	(Ida Krogsæter)	Vatne sokneråd
Norunn Wuttudal (nestleiar)	(Aud Marit Davik)	Fjørtoft sokneråd
Frode Urke	(Frode Urke)	Hamnsund sokneråd
Svein Harsjøen (f. ordførar)	(Bjørn Sandnes, ordførar)	Haram kommune
Michael Hoffmann (sokneprest)	(Michael Hoffmann, sokneprest)	Prestane

Bjørn Sandnes vart sjukmeldt i september og varaordførar Svein Harsjøen har representert kommunen i begge fellesråda sidan då.

Administrasjonsutvalet handsama på liknande vis i første periode 2 saker på like mange møter. Det nye administrasjonsutvalet hadde ingen møter i 2011. Administrasjonsutvalet var ved årsslutt samansett av (det førre administrasjonsutvalet i parentes):

Peter Odd Bjørkhaug (leiar)	(Peter Odd Bjørkhaug, leiar)
Norunn Wuttudal (nestleiar)	(Torleiv Rogne, nestleiar)
Jørgen Kjerstad	(Ida Krogsæter)
Linda Helen Slyngstad (tilsettes representantar)	Linda Helen Slyngstad (tilsettes representantar)
Astrid Øygard (tilsettes representantar)	Astrid Øygard (tilsettes representantar)

Tilsette

Fellesrådet var ved slutten av året arbeidsgjevar for 14 (15) personar i faste, løna stillingar. Desse utgjer til saman 7,54 årsverk. I tillegg kjem 5 (5) tilsette på timelistebasis (reinhaldarar, klokkarar og kyrkjetenarar), og vikarar i kortare/lengre engasjement, som klippehjelparar, organistvikarar, osb. Dei faste stillingane er slik fordelt:

Kyrkjeleg administrasjon (150%)	1 Kyrkjeverje	100
	1 Asst. Kyrkjeverje	50
Kyrkje (386,4%)	1 Kateket	80
	2 Diakonarbeidarar	80
	1 Organist	100
	3 Reinhaldarar	50,7
	3 Kyrkjetenarar	75,7
Gravstad (117,6%)	1 Gravar	100
	1 Kyrkjegardsarbeidar	17,6
Trusoplæring (100%)	1 Trusoplærar	100
Fellesrådet totalt:		754%

Her gjer ein merksam på at organisten på øyane, Michael Wagner, var i permisjon heile året til han sa opp stillinga si i desember 2011. Fellesrådet er heilt avhengig av organistvikarar til å dekkje spelebehovet. Assisterande kyrkjeverje Geir P. Aure var i permisjon heile året. Reidun Sæter har vore fast vikar i hans stad. Kyrkjeverje Hege Steinsland var i permisjon heile året. Jostein Garcia de Presno har vore fast vikar i hennar stad. Diakonarbeidar Rita Kvinge gjekk opp i 50% stilling i august. Astrid Havnsund sa opp som kyrkjegardsarbeidar i Hamnsund i desember 2011. Ho held fram som kyrkjetenar og reinhaldar i Hamnsund kyrkje.